



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune
5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest
Voss og Hardanger distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Torbjørg Austrud - 56520268

Vår referanse:
2007/118472-003

Dykkar referanse:
2007/3913

Vår dato:
30.06.2008

Omklassifisering av fv. 46 i Herøysund i Kvinnherad kommune -

Viser til brevveksling kring omklassifisering av fv46 til Herøysund og kommunen sitt siste brev, der kommunen ber om tilbakemelding for politisk handsaming av saka dersom vegstellet held på sine krav om omklassifisering.

Statens vegvesen har føreslege at fv 46 til Herøysund vert omklassifisert til kommunal veg. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å oppretthalde denne vegen som fylkesveg. Vi har tidlegare gitt fråsegn til ein reguleringsplan der ein ynskjer å omregulere kaiområdet på Herøysund. I samband med denne planen, vart det frå TIDE si side stadfesta at leigeavtalen om bruk av kaien var sagt opp, og ruta for snøggbåten endra. Dersom et skulle vore aktuelt å starta opp att rutestopp på snøggbåtruta mellom Rosendal og Os/Bergen i Herøysund, vil passasjerande vera avhengig av å koma til kaien enten i buss eller privatbil. Arealet på Herøysund kai er og trangt og det er vanskeleg å få til gode ordningar med busstopp, parkering av bilar som skal vidaare med båt og areal til sørvisanlegg.

Vi ynskjer derfor å halda på vårt framlegg om omklassifisering. Fv 46 frå kryss med rv 48 til Herøysund kai, lengde 645m, blir omklassifisert til kommunal veg.

Voss og Hardanger distrikt
Med helsing

Lars Øyre
seksjonsleiar

Torbjørg Austrud

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Flyplassvegen
5700 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Kvinnherad kommune

Rådmannen



Statens vegvesen,
Region vest v/ Arnfinn Ansok,
Askedalen 4,
6863 Leikanger.

Reg. dato.	12.09.07
Saksnr.	2007/118472-002
Arkivnr.	711-1224

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org.nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kommune.no

Saksbehandlar
Kjell Odd Nygård

Tlf.direkte innval
53483245

Vår ref.
11.09.07
2007/3913

Dykkar ref.

Dato

Omklassifisering av fylkesveg 46 i Herøysund.

Viser til dykkar brev datert 03.09.07.

Etter at snøggåtruta vart flytta frå Herøysund til Rosendal, har det vist seg at svært få frå ytre Kvinnherad nyttar seg av tilbodet. Difor har Kvinnherad kommunestyre oppmoda fylkeskommunen om å legge inn eit stopp i Herøysund på ruta mellom Rosendal og Os/Bergen. Dette vil kunne føre til kraftig styrking av passasjergrunnlaget.

Då det dermed er mykje som tyder på at Herøysund på ny kan bli eit kommunikasjonsknutepunkt, vil ein på det sterkaste oppmode om at nedklassifisering av fylkesveg 46 mellom riksveg 48 og Herøysund kai blir utsett.

Om saka ikkje kan utsettjast må kommunen omgåande få melding, slik at saka kan leggjast fram for kommunestyret.

Med helsing

Bjarne Berge
ordfører

Trond Sætereng
rådmann



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune
5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest
Bergen distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Reidun Nordgulen - 55516339

Vår referanse:
2007/118472-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.09.2007

Omklassifisering av fylkesveg 46 i Kvinnherad kommune

Fylkesveg 46 går frå kryss riksveg 48 til kaien på Herøysund. Tidlegare var dette ein veg som hadde funksjon som fylkesveg på grunn av kaiens kommunikasjons knytopunkt mellom snøggbåtrute og buss på Herøysund. Sambandet er no nedlagt og kaien vert ikkje nytta til rutebåt lenger. Vegen har i dag rein lokal funksjon, og stettar ikkje vegen lenger kravet til fylkesveg. Vegen blir derfor foreslått omklassifiserast til kommunal veg.

Saka blir med dette lagt fram for Kvinnherad kommune og vil deretter bli sendt fylkeskommunen til endeleg avgjerd.

Fylkesveg 46 frå kryss riksveg 48 til Herøysund kai – lengde 645 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Vi viser til § 7 i veglova og ber om kommunen sin uttale.

Voss og Hardanger distrikt
Med helsing

Arnfinn Ansok
distriktsjef

Reidun Nordgulen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5845 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52